



Møteprotokoll

Utval: Sogenemnda
Møtestad: Rådhuset
Dato: 10.03.2026
Tid: Kl. 11:00 - 14:00

Følgjande medlem møtte

Parti

Isak Berle
Lars Olav Rylandsholm
Liv Marit Bøen
Margret Frøyen
Per Helge Eikeland
Randi Bjørg Myklebust

Forfall meldt frå følgjande medl.

Parti

Følgjande varamedlem møtte

Parti

Jens Magne Sigdestad
Kirsten Grotle

Andre som møtte:

Renate Petrine Stavseng Johnsen

Møtenotater:

Isak Berle fekk permisjon frå møte frå klokka 12.30.

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
006/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
007/26	Godkjenning av møteprotokoll
008/26	Referatsaker
009/26	Drøftingssak
010/26	Saker som kjem til

006/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Sogenemnda den 10.03.2026 vert godkjende slik dei ligg føre.

Sogenemnda 10.03.2026:

Handsaming:

SOGE- 006/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Sogenemnda den 10.03.2026 vert godkjende slik dei låg føre.

007/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Sogenemnda den 27.01.26 vert godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Sogenemnda 10.03.2026:

Handsaming:

SOGE- 007/26 Vedtak:

Møteprotokoll for Sogenemnda den 27.01.26 vart godkjend og skriven under slik den låg føre.

008/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Sogenemnda 10.03.2026:

Handsaming:

1. Tilskotordning for innsamling av stadnamn
Skriv frå Språkrådet til Bremanger kommune av 19. februar 2026 vart referert i møtet. I statsbudsjettet for 2026 er det sett av 1.590.000 til ei ordning for innsamling og registrering av stadnamn, og Språkrådet skal forvalte ordninga. Det er fylkeskommunale, kommunale og private frivillige lag og organisasjonar som kan søke om midlar. Søknadsfristen er 7. april 2026. Rundskrivet vert vidaresendt til frivillige lag og organisasjonar i kommunen.

Bremanger kommune deltok i 1985/86 på eit prosjekt i regi av fylkesarkivet der det vart samla inn og dokumentert stadnamn over heile kommunen. Det vart utarbeidd ein katalog som inneheld over 14.000 stadnamn frå vår kommune. Stadnamn over 400 meter og i sjø vart ikkje samla inn. Det innsamla materialet er no digitalisert, festa på kart, og finst på adressa: stadnamn.fylkesarkivet.no

2. Notat frå møte om utarbeiding av hefte om Grotle gamle kyrkjegard med forfattar Dag H Nestegard, 18.02.26. Heftet skal vere på omlag 100 sider i storleik 17 x 24 cm og skal ferdigstillast i løpet av hausten 2026. Nestegard tok på seg oppgåva.
3. Sogenemnda har innhenta tilbod om trykking av hefte om Grotle gamle kyrkjegard frå Natvik Prenteverk.
4. Søknad om finansiering av heftet er sendt til formannskapet.

SOG- 008/26 Vedtak:
Referatsaker vert tekne til vitande.

009/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Drøftingssaker vert teke til vitande.

Sogenemnda 10.03.2026:

Handsaming:

1. Oppretting av kommunalt arkiv over eldre fotografiar.
Sogenemnda vil starte arbeidet med å samle inn fleire bilde for å lage eit arkiv på ein lokal, ekstern harddisk. Det er viktig at vi får med så mykje informasjon som mogleg om dei ulike bilda. Kjende fotografar som m.a. Knud Knudsen, Axel Lindal og Franz Blaha har teke mange bilde frå kommunen. Vi bør og sikre oss fotosamlinga etter Diderich H. Lund. Elles er det mange privatpersonar som har eldre foto av god kvalitet.
2. 100 år jubileum og industrivisningssenter.
Saka blei utsett då vi ventar på ekstern informasjon.

SOG- 009/26 Vedtak:
Drøftingssaker vert teke til vitande.

010/26: Saker som kjem til

Sogenemnda 10.03.2026:

Handsaming:

Digitaliserte bøker på Nasjonalbiblioteket

Vi gjekk inn på Nasjonalbiblioteket si nettside: **nb.no**, der vi m.a. finn alle bøker som er digitaliserte. Vi registrerte at alle dei seks binda av Bremanger bygdebok no ligg ute, i tillegg til hefter og andre historiske bøker frå kommunen.

SOGE- 010/26 Vedtak:

Saka vart teke til vitande.